

A scenic landscape photograph of a lake in a valley. The lake is calm and reflects the surrounding environment. In the background, there are mountains with patches of snow and a waterfall on the left side. The sky is clear and blue. The foreground shows rocky terrain with some vegetation.

ÅRSPLAN ENGE BARNEHAGE

Barnehageåret 2024/2025

Innhold:

<i>Side 1</i>	Velkommen til eit nytt barnehageår
<i>Side 2</i>	Omsorg
<i>Side 3</i>	Danning
<i>Side 4</i>	Leik
<i>Side 5</i>	Læring
<i>Side 6</i>	Barns medverknad
<i>Side 7</i>	Forventningar+grenser=god oppvekst Folkehelse og livsmestring
<i>Side 8</i>	Inkluderande fellesskap
<i>Side 9</i>	Handlingsplan mot mobbing
<i>Side 10</i>	Forebyggjande arbeid mot vald og overgrep
<i>Side 11-14</i>	Barnehagens fagområder med fokus på tema: SPRÅK
<i>Side 15</i>	a) Kommunikasjon, språk og tekst
<i>Side 16-17</i>	b) Kropp, rørsle, mat og helse
<i>Side 18</i>	c) Kunst, kultur og kreativitet
<i>Side 19</i>	d) Natur, miljø og teknologi
<i>Side 21</i>	e) Etikk, religion og filosofi
<i>Side 22</i>	f) Nærmiljø og samfunn
<i>Side 23</i>	g) Mengd, rom og form
<i>Side 24</i>	Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte
<i>Side 25</i>	Overgang barnehage – skule
<i>Side 26</i>	Samarbeid barnehage – heim
<i>Side 27-29</i>	Progresjon Den digitale praksisen i barnehagen Planlegging, dokumentasjon og vurdering
<i>Side 30</i>	Trafikksikkerheit i Enge barnehage

Velkommen til eit nytt barnehageår

Enge barnehage ynskjer å legge tilrette for trygghet, mangfald og vennskap! Me skal sjå det unike i kvart enkelt barn og vaksne i vår barnehage!

Alle som arbeidar med barn i Enge barnehage skal vera autoritative, profesjonelle vaksne som er tydelege og empatiske.

Alle barnehagar i Noreg har to styringsdokument som dei skal arbeida etter. Det er «Lov om barnehagar» av 17. juni 2005 og «Rammeplan for barnehagen» av 24. april 2017.

Lova og rammeplanen gir forpliktande mål og rammer for det barnehagen skal innehalda og driva med. I rammeplanen står det at alle barnehagar skal lage ein årsplan.

Årsplanen til Enge barnehage skal innehalda informasjon om korleis barnehagen vil arbeida med omsorg, danning, lek og læring for å fremje allsidig utvikling i samarbeid med barna sine føresette.

Årsplanen skal ha eit tidsperspektiv på 1 år og den følgjer barnehageåret. Dette barnehageåret har me ein nesten lik årsplan som førre barnehageår. Me har lyst å endre årsplanen vår og utarbeide ein heilt ny. Dette veit me at me må bruke god tid på slik at heile personalet vårt vert deltakande. Me startar opp arbeidet med ny årsplan hausten 2024.

Etne kommune har utvikla kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2020-2024. «*Steg for steg*».

Fyrste setning i planen er: *Barna er framtida og vår viktigaste investering*. Dette er eit godt utgangspunkt for den viktige jobben me gjer i barnehagen vår! Kvalitetsplan til Etne kommune og årsplan til barnehagen skal henga tett saman.

Enge barnehage jobbar etter «Være sammen» prinsippet.

«Være sammen» er eit kompetanseløft som har fokus på den vaksne si rolle i møte med barn. Me ynskjer at alle vaksne skal vera autoritative vaksne. Å ha det autoritative perspektivet inneber å vektleggje ei ekte innleving med barnet samstundes som ein greier å stille krav og forventningar til barnet. Me opplev nå at «være sammen» er godt implementert i barnehagen.

Me ynskjer alle barn, tilsette, foreldre og samarbeidspartnerar eit fint barnehageår!

Omsorg

Omsorg er grunnleggande for at barn skal trivs og ha det bra. I Enge barnehage ynskjer me at alle barn skal bli sett, forstått og respektert, og få den hjelpa og støtte dei har behov for. Me skal tilby eit miljø prega av glede, humor, kreativitet og omtanke for fellesskapet. Me vil at alle barn og vaksne skal ha gode vennskap og vera verdifulle for fellesskapet. Dei vaksne må kunna sjå det unike i kvart enkelt barn, i gruppa og i den enkelte situasjon. Me ynskjer at alle vaksne i Enge barnehage skal vera trygge, varme grensesetjande. Gjennom å skape ein trygg tilknytning gir det grunnlag for læring og utvikling.

Mål:

Barnehagen har som mål at alle born skal vera trygge og visa omsorg for seg sjølv og andre. Me skal jobba for at alle barn skal føla seg som ein del av fellesskapet.

Korleis jobbar me med omsorg:

Me skal ha fokus på relasjonsbygging. Dei vaksne skal alltid vera der barna er. Me ynskjer å vera tilstedeværande vaksne.

Dei vaksne må vera bevisst sin rolle som omsorgsgivar og rollemodell. Ein skal vera lydhør og lytta til kva barna seier etter alder og modning.

Det er viktig med fast personale i oppstarten av eit barnehageår og så godt det går gjennom året.

Me skal bidra til at det skapast felles opplevingar, erfaringar og referansar til leik i barnegruppa.

Praksisfortelling om omsorg:

Anton, Ludvig, Sander og Børre lekar saman med bilar. Sander er lei seg og vil eigentleg heim. Ludvig legg handa på skuldera hans og seier: Sander, det går fint. Mammaen din kjem nok snart og hentar deg.

Danning

Danning har som mål at barn skal utvikle seg som trygge og sjølvstendige individ. Danning skjer gjennom samspel med omgivnadane og er ein føresetnad for å skapa meining hos barna. Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåte.

Gjennom arbeid med danning vil barna få ein større føresetnadar til å handtera livet ved at dei utviklar evner til å vera prøvande og nysgjerrige på omverda. Vidare skal barnehagen bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig når ein er ein del av eit fellesskap. Gjennom samspel, dialog, leik og utforskning skal barnehagen legge til rette at barn utviklar kritisk tenking, gode etiske vurderingar, evne til å yte motstand og handlingskompetanse slik at dei kan bidra til endringar. Barna skal få ein opplevelse av tilhørighet til samfunnet, naturen og kulturen.

Mål:

Gjennom danning skal barna i Enge barnehage få ei større forståing av at dei er ein del av eit fellesskap.

Korleis jobbar me med danning:

Me skal ta barns medverking på alvor.

Personalet i barnehagen skal setja grenser med eit varmt hjarta.

Me brukar psykologisk førstehjelp som eit verktøy.

Me vil dela barna opp i lekegrupper.

Praksisfortelling om danning:

Sara og Guro på 5 år sit og teiknar. Jentene snakkar saman om korleis det vil bli å begynna på skulen. «Eg trur det blir fint», seier Sara. Guro er enig, men seier: *men det er mange barn eg ikkje kjenner der.* Då svarar Sara: *Det kjem nok til å gå bra. Me kan bli kjende med dei andre barna.*

Leik

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast» (Rammeplan 2017:20).

I Enge barnehage ser me viktigheitene av å anerkjenna leiken og barndommens eigenverdi. Me betraktar leiken som den største læringsarenaen for barn. Barn lærer sosiale spelereglar, dei bearbeidar opplevsalar og følelsar gjennom leiken. I tillegg tileignar dei seg språklege ferdigheiter.

Leiken er viktig for barnets kognitive utvikling, og gjennom leik dannas vennskap og identitetsfølelse. Dette er viktig at me i barnehagen hugsar på når me planlegg nye prosjekt og tema.

Barn vil i sin modningsprosess vera innom ulike typar leik, og i Enge barnehage gir me tid og rom til den frie leiken. Toddlerleiken er kjent for dei yngste barna i barnehagen. Denne type leik er ein kroppsleg leik. Barna imiterer kvarandre, kryper, stabbar, hoppar og spring. Blant dei yngste ser me også mykje parallelleik. Barna leikar ved sida av kvarandre, gjerne med same type leike. Etter kvart beveger barna seg i større grad inn mot rolleleiken. Barna tar ulike roller og går inn i ein fantasiverden. Mange barn er også opptatt av konstruksjonsleik. Her kan ein bruke eigen fantasi for å byggje og forme med ulikt materiell. Regelleik er og ein type leik me ser i barnehagen. Den kjennetegnast med reglar og mål. Eksempelvis leiker me gøymsele, fotball og rødt lys. Me gir og barna kroppslege utfordringar, der barna får oppleve motorisk meistring.

Mål:

I Enge barnehage legg me tiltrette for gode lekemiljø inne og ute. Me skal vera gode vaksne som anerkjenner leiken til barna!

Korleis jobbar me med leik:

Me ynskjer at dei vaksne skal ha god kunnskap om leik og korleis barn lærer gjennom leik.

Personalet skal vera deltakande i barna sin leik.

Dei vaksne skal sjå barna med eit «godt blikk».

Dei vaksne skal leggja til rette for leik i kvardagen. Personalet inspirerar til leik og utvidar leiken gjennom organisering av tid og fysiske rom etter alder og modning.

Praksisfortelling om leik:

To gutar på 1,5 år ser på kvarandre på småbarns avdeling. Den eine guten gir eit signal om at nå startar leken. Begge to spring mot hoppekroken og hoppar oppi. Det kjem eit stort gledeshyl frå begge to.

Læring

Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. I Enge barnehage skal me legga til rette for et stimulerande læringsmiljø der me gir kvart barn gode moglegheiter for utvikling. Barn skal ha lyst til å leike, utforske, lære og meistre! Vennskap og tilrettelegging for gode relasjonar i barnehagen er ein føresetnad for god læring og gir ei oppleving av glede og meistring. Me i barnehagen skal legge til rette for at barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Me ynskjer læring som legg forholda til rette for livslang læring. (steg for steg, s 13)

Me har ansvar for å styrke barna både kognitivt, følelsesmessig, sosialt, språklig og kroppslig.

I Enge barnehage ynskjer me å gi barna erfaringar og opplevingar som vekker deira nysgjerrigheit, og stimulera dette ytterlegare og rettleia barna vidare i si læring. Dei vaksne gir ikkje alltid barna svar på spørsmål, men hjelper dei til sjølv å finne svaret og løysningar gjennom eigne erfaringar.

Mål:

Barnehagen skal ta barna sin nysgjerrigheit og kreativitet på alvor og stimulera deira trong til forskning.

Korleis jobbar me med læring:

- Læring foregår i det daglige samspillet med andre mennesker (Barn- Voksen, Barn-Barn)
- Me legg vekt på læring gjennom kvardags situasjonar, leik, prosjektarbeid, og her og nå situasjonar.
- Væra tilstedeværende voksne, fysisk og mentalt.
- Bidra til at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringer, utfordringer og mestringsopplevingar.
- Barnehagen legg opp til læring etter progresjon ut i frå alder og modning.

Praksisfortelling om læring:

Sol, stol, gul, kul seier Trine 4 år. *Kult*, seier Ludvig. *Korleis lærte du det? S klubb vel*, seier Trine.

Barns medverknad

«Barnehagen skal sikra barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §1 og 3, Grunnlova §104 og FNs barnekonvensjon art.12 nr 1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverka det som skjer i barnehagen. (Rammeplan 2017: 27)

Ordet medverknad kan me dela i to for å få ein betre forståing av kva det betyr:

Med= bidra, delta, gjera sitt, ha ein finger med, influera, spela inn, spela ei rolle. Dette er omgrep som viser at ein er deltakande.

Verknad= gjera noko saman med andre som fører til noko, ein er med og påverkar.

Medverknad i barnehagen handlar om å gi barna moglegheit til å påverke sin eigen kvardag og barnehagens fellesliv. Det enkelte barn må ha innflytelse både på kva som skal skje og korleis det skal gjerast. Medverknad handlar om å bli spurt, bli lytta til og akseptert som kompetente. Ved å gi barn og vaksne moglegheit til å reflektera saman om livet i barnehagen, vil det kunne gi eit felles eigarskap og bidrag. Når ein gir barna moglegheit til å diskutera, spørja, beskriva og lytta, vil dei kunne sjå seg sjølv i samanheng med andre. På denne måten kan barn få auga på eigne tankar og idear.

MÅL:

I Enge barnehage får barnet vere med på å påverka sin eigen kvardag.

Korleis jobbar me med medverknad:

I Enge barnehage skal me lytta til barna, observera og fanga opp interesser. Dette skal vera utgangspunkt for prosjekter og liknande.

Nokre avdelingar brukar barnemøter som ein metode. Då er barna med på å bestemma innhaldet i dagane/veka som kjem.

Me vil ha fokus på at turen me skal gå på blir til medan ein går. Det er ikkje alltid ein når fram til målet då det kan vera mykje å utforska på vegen.

Praksisfortelling barns medverking:

Dei eldste barna i barnehagen likar godt å gå på tur. Leander som er 2,5 år ser stadig ut vindaugget når dei store barna går på tur. Ut, seier han til den vaksne.

Den vaksne er lydhør og spør: vil du og gå på tur? Det kan me også gjere. Den vaksne tar me seg eit til barn og går på tur.

Forventningar+grenser = god oppvekst

Barnehageåret 2023/2024 har me starta å jobba med tema: handtering av utfordrande åtferd. Dette har vore eit ynskje frå alle einingane i oppvekst i Etne kommune. Me ser ei aukande utfordring på åtferd blant barn, og at det er eit stort behov for å veta korleis me skal handtera dette i kvardagen. Me har deltatt på foredrag med Børge Skåland som har gitt oss nyttig informasjon. Vidare har me jobba med tema ut i einingane. Foreldregruppa har samarbeida, der dei blant anna har svara på ein foreldreundersøkelse. Foreldra signaliserar eit behov for at det er vanskeleg å vera foreldre i dag. Dette er eit tema som me kjem til å jobba vidare med. Tema har fått overskrifta: Forventningar + grenser =god oppvekst.

Folkehelse og livsmestring

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungera godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vera betydningsfulle for fellesskapet og vera i positivt samspel med barn og vaksne.



Me skal arbeida for at barna i Enge barnehage skal få ein meningsfull kvardag, der dei opplever tilhørighet, delaktighet og fellesskap, og at det er støttande lærings og lekemiljø, som inkluderar og imøtekommer alle barns interesser og forutsetningar.

Det å utvikle sosial kompetanse vil i praksis sei å lære sosiale ferdigheiter gjennom konkrete hendingar i kvardagslivet. Utvikling av sosial kompetanse skjer i leik og samspel med barn og vaksne, i rutinesituasjonar og i vaksenstyrte aktivitetar. I barnehagen lærer barn å ta kontakt med andre, bli kontakta, utveksle idear og samarbeide. Dei opplever motsetningar og interessekonfliktar, der dei må halda tilbake egne behov til fordel for andre.

Me skal arbeida for å gi barna eit positivt sjølvbilde og ein trygg identitet. Livskvalitet og trivsel gjennom deltaking i eit fagleg og sosialt fellesskap gir tilhøyrslø og reduserar risikoen for psykiske og sosiale utfordringar (steg for steg s 13)

Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. (Rammeplan 2017).

MÅL:

Alle barn skal få erfare at dei er betydningsfulle for fellesskapet.

Korleis jobbar me med inkluderande fellesskap:

Etne kommune var med i satsingsprosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» 2018-2019. Prosjektet er eit samarbeid med Utdanningsdirektoratet og kommunane i Forum for oppvekst i Sunnhordaland (FOS).

Etne kommune har som utviklingsmål gjennom «Inkluderande barnehage og skulemiljø» prosjektet:

- Alle born og elevar skal oppleva eit inkluderande, trygt og godt barnehage-/skulemiljø.
- Alle tilsette i barnehage og skule skal forstå mekanismane i utestenging/utanforskap og mobbing.
- Alle tilsette skal få auka kompetanse i å førebyggja, avdekkja og handtera krenkingar og mobbing.

Enge barnehage har som mål å heile tida skapa eit trygt og godt miljø for borna vår. Allikevel er det stundom at barn opplev utestenging eller andre former for krenkelsar.

Stortinget har vedtatt egne bestemmelsar i barnehageloven §41, 42 og 43 om barns rett til eit trygt omsorgs- og læringsmiljø som gjeld frå 1.januar 2021.

Endringane i barnehageloven krev at barnehagen jobbar systematisk for å forebygga utestenging og mobbing, og at me skal skapa eit godt miljø der barna trives og er sosialt inkludert.

Barnehagen forpliktast til å ha nulltoleranse mot krenkelsar som utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Lovendringa inneberer ein aktivtetsplikt som krev at barnehagen følg med på korleis barna har det, og undersøker og setter inn tiltak når personalet har mistanke om at eit eller fleire born ikkje har det bra i barnehagen. Barnehagen får plikt til å undersøke saken når foreldra seier i frå, sjølv om dei som jobbar i barnehagen har ein anna oppfatning. Det skal lagast ein skriftleg plan for korleis barnehagen skal følgje opp barnet og gruppa. Her brukar me verktøyet «stafettlogg».

Det innføres også ein skjerpa aktivtetsplikt ved mistanke om at personalet krenkar born.

Praksisfortelling om inkluderande fellesskap:

Mange barn på ein avdeling lekar tikken. Trine og Sigrid står og ser på. *Vil dåke bli med?* spør Sander. Ja svarar jentene.

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

FOR BARNEHAGANE I ETNE

Barnehagane i Etne har som mål at ingen skal oppleve krenkingar eller mobbing.

Barnehagane i Etne brukar definisjonen til Lund, Helgeland og Kovac 2017:

«Mobbing av barn er handlingar frå vaksne/og eller barn som hindrar opplevinga av å høyra til, å vera ein betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning.»

Førebygging

- Barnehagen skal arbeide jamleg og målretta med sosial kompetanse.
- Vaksne skal vera bevisst på at dei er eit førebilete for barna.
- Tilsette må fordela seg både ute og inne slik at det alltid er vaksne i nærleiken.
- Det skal arbeidast i smågrupper.
- Alle tilsette skal ha ei felles forståing av kva krenkjande åtferd og mobbing er, og felles reaksjonsmønster for korleis ein handtere dette.
- Personalet skal ikkje godta eller oversjå utestenging, blikk, vonde ord, slåing, sparking.
- Personalet skal alltid ta det barna seier på alvor, har plikt til å undersøkje kva som skjer.
- Personalet skal ha barnesamtale med alle 3-5-åringane 2 gonger pr. år.
- Alle foreldre skal bli kalla inn til foreldresamtale 2 gonger pr. år.

Tiltak når mobbing er oppdaga

1. Dersom ein oppdagar uønskt åtferd, skal ein stoppe med ein gong. Pedagogisk leiar skal informerast.
2. Pedagogisk leiar tar det opp på avdelinga, samlar informasjon og finn ut kva som skjer. Styrar skal alltid informerast om mobbesaker.
3. Utifrå situasjonen skal pedagogisk leiar laga ein plan for korleis ein skal handtera krenkingar og mobbing. Det kan til dømes vera samtalar. Alvoret skal tydeleggjerast.
4. Pedagogisk leiar snakkar med dei involverte foreldra. Desse samtalan skal ikkje gå føre seg i hente eller bringe situasjonane og bør avtalast på telefon. Samtalen skal avtalast slik at den kan gjennomførast raskt. Samtalen skal vera både informasjon og samarbeid om plan for korleis barna kan få det betre i barnehagen.
5. Oppfølgingsamtalar med foreldra både dersom det er framsteg og dersom ting ikkje har betra seg. Det er viktig med tett oppfølging.

”Barnehagane i Etne har nulltoleranse m.o.t. mobbing

Forebyggande arbeid mot vald og overgrep.

Etne kommune har i 2020 utarbeida ein plan om førebygging og avdekking av vald og seksuelle overgrep. For at me som jobbar i barnehagen skal kunne avdekkja vald og seksuelle overgrep, må me gje barna eit språk knytt til kropp, grenser, berøring og løyndomar. Dette er tema me jobbar med heile året. Det er viktig at barnehagen legg opp til at alle barn får eit godt forhold til sin eigen kropp.

Alle tilsette i barnehagen må snakka om:

- kroppsdelar, namn og funksjonar.
- berøringar og kjensler.
- kor fantastisk kroppen er
- grenser og berøringar som ikkje er lov

Me i Enge barnehage har eit ansvar for å forebygga og oppdaga barn som blir utsatt for vald og overgrep. Alle tilsette i Enge barnehage skal vita kva ein skal gjera dersom eit barn fortel om noko som kan vera overgrep eller ein anna løyndom. Dette har ein ikkje lov å halda for seg sjølv, sjølv om det er ubehageleg. Dei tilsette har ein opplysningsplikt til barnevernet, barnehagelova §22.

Foreldra vert informert om tema på foreldremøte på hausten.

Kommunikasjon, språk og tekst som satsingsområdet.

Barnehageåret 2024/2025 vil Enge barnehage ha språk som satsingsområdet.

Me ser at språk er viktig i alle samanhengar i eit barns liv. Ein dag i barnehagen består av utallige kvardagssituasjonar der barna kan bruke språket aktivt. Eit godt språkstimulerande miljø er prega av at personalet bruker språket aktivt i samspel med barna heile dagen. Dei vaksnes innsats er viktig, og dei er språkmodellar for barna. Personalet skal også legge til rette for språkleg samhandling barna imellom.

Barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenkning og som uttrykk for eigne tankar og følelsar (Rammeplan).

Godt språk er positivt i samhandling med andre.

Me ynskjer at alle avdelingar skal bruka teikn til tale. Teikn til tale brukas for å tydeleggjere talespråket og styrke samspel og talespråket. Teikn til tale er ein kommunikasjonsmetode som skal vera til hjelp til barn og unge som ikkje har utvikla eit tydeleg talespråk. Me nyttar ASK (alternativt supplerande kommunikasjon).

Alle avdelingar brukar dagstavle slik at det er oversiktleg for barna kva som skal skje i kvardagen. Det er trygt og godt både for vaksne og barn å ha ein oversikteleg og strukturert kvardag. Me nyttar bilde og tekst.

Enge barnehage nyttar kartleggingsverktøyet TRAS (tidleg registrering av språkutvikling) for å laga gode språkmiljø i barnehagen. Me har laga ein progresjonsplan som me brukar når me planlegg språkarbeidet vårt. Planen tar utgangspunkt i fokusområder i Tras og kva som er viktig å jobba med.

OMRÅDET:	FOKUSOMRÅDET:	FORSLAG TIL TILTAK:
Språkforståelse	2-3 år: Peike ut daglegdagse gjenstandar Følgje ein instruksjon Finne riktig gjenstand ved at verbet nevnes (vis meg den me kan tegna med) 3-4 år: Sortera ting i kategoriar (f.eks. møbler, frukt) Utrykk som inneheld preposisjonar Lære 3-4 fargenamn	Sidetal i «tiltak til Tras» handboka: s 35-43

	<p>5-6 år: Gradbøying av adjektiv (mindre, større)</p> <p>Forstå motsetningar (f.eks. gi meg blyanten som ikkje er gul)</p> <p>Fortelje noko om kva ein ting er (f.eks. sykkel)</p>	
Språkleg bevisstheit	<p>2-3 år: Skape interesse for å sjå i bildebøker</p> <p>Delta i rim og regler</p> <p>Delta i sanglekar</p> <p>3-4 år: Gjenta rim og regler slik at barnet lærer dei</p> <p>Barna skal laga rim, tøyse med språket</p> <p>Lære barnet å rime</p> <p>5-6 år: Presentere ord som høyres nesten like ut.</p> <p>Fokus på å ta bort første lyd og si ordet som blir tilbake</p> <p>Oppmuntre til å skrive namnet sitt</p>	<p>Sidetal i «tiltak til Tras» handboka: s 47-56</p>
Uttale	<p>2-3 år: Uttala ord tydeleg og forståeleg</p> <p>Uttala ord med m/n/p/b/t/d</p> <p>3-4 år: Uttala ord med K og G riktig</p> <p>Bruka lydane s/f/v riktig i begynnelsen av ord</p> <p>Uttala stavelzar i ord (f.eks. paraply, elefant)</p> <p>4-5 år: Uttala konsonantsammensetning i ord (f.eks. Trapp, klokka, veska, fisk)</p> <p>Uttala S og R lyden riktig</p>	<p>Sidetal i «tiltak til Tras» handboka: s 59-63</p>
ORD PRODUKSJON	<p>2-3 år Bruka substantiv frå dagleglivet (f.eks. ball, mjølk)</p> <p>Bruka verb frå dagleglivet (f.eks. eta, sova)</p> <p>Bruka pronomen som viser til barnet sjølv (eg, meg, min, hatt)</p>	<p>Sidetal i «tiltak til Tras» handboka: s 66-74</p>

	<p>3-4 år: Bruka fleirtalsform av substantiv</p> <p>Bruka spørjeord som kven, kva, kor</p> <p>Bruka fortidsbøying av verb</p> <p>4-5 år: Bruke fargenamn i relasjon til andre (f.eks. Kvit hest, rødt hjarte)</p> <p>Bruke overbegrep (f.eks. husdyr, sommarklede, ville dyr)</p>	
SETNINGS PRODUKSJON	<p>2-3 år: Sette sammen 2-3 ord</p> <p>Stille kvifor spørsmål</p> <p>Bruke barnet ordet «Nei» og «ikkje»</p> <p>3-4 år: Fokus på 4 ord i riktig Rekkefølge</p> <p>Bruke setningar med preposisjonar</p> <p>Binde sammen setningar med f.eks. og, men</p> <p>4-5 år: Fokus på korleis og kvifor spørsmål</p> <p>Bruke setningar som viser til noko som har hendt/ skal hende</p> <p>Fokus på «fordi» setningar</p>	<p>Sidetal i «tiltak til Tras» handboka : s 75-84</p>
SAMSPEL	<p>2-3 år: Lek, oppfordra til sampel</p> <p>Hjelpe til med ulike</p> <p>Gjeremål</p> <p>Oppfordre til å ta positiv kontakt med andre</p> <p>3-4 år: Fokus på lek som blir leda av vaksne</p> <p>Klarer barnet å få dei andre barna oppmerksom mot noko dei sjølv er interessert</p> <p>Følgje instruksjonar ved å imitera andre sin åtferd</p> <p>4-5 år: fokus på om barna kan ha samlek over lang tid</p>	<p>Sidetal i «tiltak til Tras» handboka s 7-15</p>

	<p>Fokus på rollelek</p> <p>Fokus på å følgje sosiale spelereglar</p>	
KOMMUNIKASJON	<p>2-3 år: Viser barnet behov for å meddele seg på eget initiativ</p> <p>Fokus på at barna skal henvende seg verbalt på eget initiativ</p> <p>Dialog om noko i kortare tid</p> <p>3-4 år: Bruke språket relevant i ulike situasjonar</p> <p>Ha dialogar som varer over lengre tid</p> <p>Fokus på at barna skal formulera sine ønsker, følelsar og behov</p> <p>4-5 år: Fortelje historier med ein viss samanheng</p> <p>Fokus på at barnet skal gjera seg forstått og ta mottakarens perspektiv</p> <p>Fortelje gåter og vitsar</p>	<p>Sidetal i «tiltak til Tras» handboka s 16-23</p>
OPPMERKSOMHET	<p>2-3 år: Halde oppmerksomheten mot ei oppgåve</p> <p>Rette oppmerksomheten mot ei oppgåve</p> <p>Fokus om barna liker å bli lest for</p> <p>3-4 år: Fokus på å holde fast ved ein sjølvvald aktivitet</p> <p>Øve på å sitje på plassen sin når det forventast at ein skal sitje i ro</p> <p>Fokus på å vente på tur utan å miste oppmerksomheten</p> <p>4-5 år: Fokus på å holde oppmerksomheten mot noko over lang tid</p> <p>Leka utan å bli forstyrra/avbryta andre</p>	<p>Sidetal i tiltak til Tras handboka s 24-31</p>

	Barnet leikar eller deltar i frie aktivitetar på ein adekvat måte	
--	---	--

Barnehagens fagområder:

a) Kommunikasjon, språk og tekst

«Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling» (Rammeplan 2017: 23).

Fagområdet kommunikasjon, språk og tekst blir løfta fram i Rammeplanen under barnehagens formål og innhald som eit heilheitleg læringsperspektiv saman med omsorg, danning, leik, læring og sosial kompetanse. Barnehagen skal vera bevisste på at kommunikasjon og språk påverkar og påverkast av alle sider ved barnets utvikling. I Enge Barnehage får *alle* barn oppleve eit rikt og stimulerande språkmiljø der dei vaksne er gode rollemodellar, og støttar barna i leiken for å fremje god språkutvikling.

Me skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike språk- og kommunikasjonsuttrykk, og gjennom dialog og samspel skal me støtte barna i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Barn lærer språk først og fremst gjennom bruk av språk i meningsfulle og engasjerande aktivitetar i samspel med andre. I Enge barnehage har personalet kunnskap om barns språkutvikling og språklæring og er bevisste på å legge til rette for både formelle og uformelle språkaktivitetar. Gjennom daglege aktivitetar som leik, samling og kvardagssituasjonar skal barna møte eit variert språkmiljø der dei får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål. Ulike leseaktiviteter, leik med språk, lyd, rim, rytme og musikk har ein stor plass i kvardagen vår. Gjennom leseaktiviteter vil me gje barna varierte opplevingar og møte med litteratur, og me ønskjer å stimulere til leselyst, leik og læring. På avdelingane har barna tilgang til mykje og variert litteratur, og me tar turen til biblioteket for å låne bøker.

I Enge barnehage har me mange nasjonalitetar representert, og personalet har ei viktig rolle i å støtte barnas språktileigning. Med kjennskap til barnet si utvikling, tilpassar me språklege utfordringar til kvar enkelt. Me nyttar blant anna verktøyet TRAS for kartlegging og planlegging av språkarbeidet vårt.

Mål:

Gjennom eit variert og rikt språkmiljø skal barna i Enge barnehage utvikle språket sitt og oppleve glede gjennom kommunikasjon med andre.

Kriterier	Arbeidsmåtar
<ul style="list-style-type: none"> • Barna opplever gjentakelsar av begreper, song, lyd og rytme i kvardagen. • Alle barn deltar i leseaktiviteter og får møte tekst, songar og vers • Barna får gjennom utforsking og leik erfaringar med skriftspråklege uttrykk. • Barna utviklar språket sitt og opplever framgang og meistring. • Barna får utforske, leike med og lære språk gjennom digitale verktøy. 	<ul style="list-style-type: none"> • Personalet bruker bevisst daglege rutinar og kvardagssituasjonar som arena for samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål. • Personalet skal stimulere til leselyst gjennom både spontane og planlagde leseaktiviteter. • Personalet skal bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer.

b) Kropp, rørsle, mat og helse.

«Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt» (Rammeplan 2017: 49).

Kropp, rørsle, mat og helse er fagområde som heng tett saman og påverkar kvarandre. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vara livet ut. Gjennom arbeid med fagområda skal barna i Enge barnehage få sanse, oppleve, leike, lære og skapa med kroppen som utgangspunkt.

Enge barnehage har eit flott nærmiljø med både sjø, fjell og skog. Dette gjer det mogleg for oss å la barna møte ulike utfordringar i variert terreng. Barnehagen skal bidra til at barna utviklar forståing og respekt for eigen og andre sin kropp, og for at me alle er forskjellige.

I barnehagen får barna sunn og variert kost. Me lagar maten sjølv på kvar avdeling, og barna får vera med på å tilbereda måltida. Personalet legg til rette for at måltida skal vere prega av matglede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna. At personalet har kunnskap om kosthald og helse, og sjå samanhangen mellom dette er viktig for å kunne gi barna balanse mellom ro, aktivitet og måltider. I Enge barnehage har me utarbeida ein handlingsretteleiar for kva som er viktig når me tilberedar mat i barnehagen. Denne er i tråd med anbefalingar frå Helsedirektoratet.

Mål:

I Enge barnehage skal barna få oppleve glede gjennom kroppsleg meistring og få ein positiv opplevelse av seg sjølv.

Kriterier	Arbeidsmåtar
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnadar.• Barna skal få positive erfaringar med måltider og bli sjølvstendige.	<ul style="list-style-type: none">• Personalet skal tilrettelegga for variert aktivitet ute og inne.• Personalet skal oppmuntra barna i bevegelseslek• Personalet skal invitera til utforskning, fysisk lek og turar i nærmiljøet då i samanheng med tema natur, miljø og teknologi.• Me brukar «Skakkehallen»• Me forhold oss til «retningslinjer for mat» som er utarbeida i Enge barnehage.

c) Kunst, kultur og kreativitet

Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og kreativitet får barn høve til sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Fagområdet gjeld uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Me i Enge barnehage ynskjer å støtta barn i å vera aktive og skapa eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Me vil vera ein barnehage som bidrar og utvidar barns kunstnariske og kulturelle uttrykk. Det kunstnariske uttrykket kan gje eit resultat i form av eit produkt, men kan også vera ein aktivitet som varer i eit avgrensa tidsrom.

MÅL:

Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barn får moglegheit til å skapa noko i fellesskap med andre og bidra til samhald. Me skal gi barna varierte kulturelle opplevsar.

Kriterier	Arbeidsmåtar
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få delta i kunstneriske og sanselege opplevsar• Barnet får bli kjent med ulike materialer og teknikkar• Barna får bruka sin kreativitet og fantasi i kvardagen• Barna skal få bruka fantasien og kreativiteten sin til å laga produkter som kan nyttast i leik, t.d. båt, fiskestong ol knytt opp mot tema natur, miljø og teknologi.	<ul style="list-style-type: none">• Personalet skapar og tilrettelegg for kulturelle aktivitetar• Personalet tilrettelegg for aktivitetar med ulike materiale og teknikkar innanfor kreativ utforsking.• Personalet skal bygge vidare på kreativiteten til barna.• Personalet skal ta utgangspunkt i barna sine opplevingar i samband med tema natur, miljø og teknologi og vidareføra det i kunst, kultur og kreativitet.

d) Natur, miljø og teknologi

«Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggja til rette for at barna framleis skal vera nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskaper. (Rammeplan 2017:52)

Me set ord på, og formidlar viktigheten av berekraftig utvikling. Barna skal få høve til å delta aktivt i kildesortering, og får grunnleggjande kunnskap om kvifor me sorterer. Det er viktig at barna får ei begynnande forståing av kvifor det er viktig at me tar vare på planeten vår.

Ute graver og leitar me etter insekter og krypdyr. Me undrar oss, forklarar, fortel og still opne spørsmål saman med barna. På den måten får barna erfaringar og kjennskap til naturen og berekraftig utvikling. Dei lærer av naturen, og dei utviklar respekt og ei gryande forståing for korleis dei kan ta vare på den.

I Enge Barnehage vil me gje barna gode friluftsupplevingar året rundt. Her får barna høve til å oppleve naturen uansett vêr, og alle barna får vere ute kvar dag. På den måten får barna erfare og lære om viktigheten av å kle seg etter vêret, og at me kan få gode opplevingar uansett vêrforhold. Me går turar til nærområda rundt barnehagen. Prestehagen, Nøttelia, på stranda og rundt Enge er stader me likar oss godt. Naturavdelinga har base på Osnes og nyttar buss og bil for å kome seg til andre flotte turområder. Gjennom turar og leik i naturen får barna utfalde seg, utforske, meistre og lære.

Mål:

I Enge Barnehage får barna gode og varierte opplevingar i natur

Kriterier	Arbeidsmåtar
<ul style="list-style-type: none">• Barna får erfaringar med alle årstider og endringar i naturen.• Barna utforskar og blir kjend med dyre- og planteliv i naturen.• Barna lærer om viktigheten av kildesortering.• Barna får eksperimentere og forske på vitenskapelige fenomen.• Barna skal gjer seg kjend med korleis me kan bruka vatn som energi, vatnet sitt kretsløp og fotosyntesen.• Barna skal få kjennskap til kva som treng vatn for å leva og kvifor? Kva skjer inne i kroppen vår, i trær og blomster osv.• Barna får allsidige turopplevingar.	<ul style="list-style-type: none">• Personalet følgjer med på naturens endringar, og opplever og undrar seg saman med barna i naturen.• Personalet skal gi barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektera og laga eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd.• Personalet er gode rollemodellar som kildesorterar saman med barna, og skapar ei forståing for berekraftig utvikling.• Personalet skal invitera til ulike aktivitetar der barna får oppleve, utforska og eksperimentera med naturfenomen og fysiske lover.

- | | |
|--|---|
| | <ul style="list-style-type: none">• Personalet skal bruka årstidene, og dei ulike plassane me finn vatn til å sjå korleis vatnet endrar seg rundt oss. Me kan sjå på både konsistens, farge, form og temperatur, og kva det gjer med naturen rundt oss. |
|--|---|

e) Etikk, religion og filosofi

I dette fagområdet er det fokus på menneskeverd. Me må gi barna ein arena der dei opplever at deira spørsmål vert tatt på alvor. Me vaksne skal vera undrande saman med barna og ikkje alltid ha fasiten. Barna blir på den måten møtt og forstått.

Etikk, religion og filosofi er med på å forme barna korleis dei oppfattar verden og mennesket på. Barna skal få kjennskap til fortellingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. Enge barnehage er ein barnehage med religiøst og kulturelt mangfold. Me ynskjer at alle, både barn og vaksne skal ha respekt for kvarandre sin bakgrunn, uansett kultur, religion og livssyn. Me er ein barnehage som reflekterer, anerkjenner og tar hensyn til mangfaldet som er representert i samfunnet. Me betraktar mangfaldet vårt som ein stor ressurs for barns læring om menneskeverd, nestekjærlighet, likeverd og solidaritet.

MÅL:

I Enge barnehage skal barna få styrka sin identitetsfølelse.

Kriterier	Arbeidsmåtar
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få delta i filosofiske samtalar som skapar forståelse for korleis andre har det• Barna skal få delta i filosofiske samtalar om alt me kan gjera med natur, miljø og teknologi.• Barna skal få kjennskap til aktuelle høgtider og tradisjonar	<ul style="list-style-type: none">• Personalet skal møte barna si tru og spørsmål med alvor og respekt. Me skal gi rom for undring, fortellingar og gode samtalar.• Personalet tilrettelegg for varierte opplevsar ved høgtider og tradisjonar.

f) Nærmiljø og samfunn

Gjennom utforskning, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjera barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda (Rammeplan 2017: 55).

Barnehageåret 2021-2022 skal barnehagen arbeida med natur, miljø og teknologi som tema. Barn likar å leika i naturen og det er mykje å undersøka, observera og spørje om –og mykje å læra!

Enge barnehage ligg sentralt i Etne. Det er blant anna kort veg til sjø, strand, bibliotek og idrettshall. Barnehagen skal leggja til rette for at barna får erfaringar med og forståelse av det samfunnet og nærmiljøet dei er ein del av. Me ynskjer at barna skal få ei kjensle av og erfaringar med kva nærmiljøet dei er ein del av, samtidig som dei lærer å visa respekt for eigne og andre sine eigendelar. Gjennom barns medverknad i kvardagen vil dei og få sitt byrjande møte med det demokratiske samfunnet.

MÅL:

Barna skal møte samfunnet og nærmiljøet sitt på ein positiv måte som er prega av tillit og nysgjerrighet.

Kriterier	Arbeidsmåtar
<ul style="list-style-type: none">• Barna får oppleva og bli kjend med nærmiljøet gjennom turdagar.• Barna skal få kunnskap og erfaring om dyreliv i og ved sjø/vatn• Barna lærer om ulike familieformer, kulturar og levemåtar• Barna skal få kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjonar og kjennskap til nasjonale minoritetar	<ul style="list-style-type: none">• Me deler oss i smågrupper og går på tur i nærmiljøet• Me oppsøker lokale bedrifter, kunstnarar, sjåverdigheiter, bibliotek og liknande• Personalet skal saman med barna øve oss på korleis me oppfører oss i trafikken.• Personalet tilrettelegg for aktivitetar og samtalar der barna får bli kjent med tradisjonar og ulike måtar å leve på.• Personalet skal gjere barna kjend med at samane er Noregs urfolk og få kjennskap til samisk kultur.

g) Mengd, rom og form

Fagområdet mengd, rom og form omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar. (Rammeplan 2017: 53) Dette vil barna få ulike erfaringar med gjennom arbeidet med matematikk i kvardagssituasjonar og gjennom spesifikke tema og aktivitetar som mellom anna vatn. Gjennom felles opplevsar tilrettelegg me for eit godt matematisk læringsmiljø. Barna får utforske matematikk med både kropp, språk og sansar, og me er utforskande og undrande saman med barna i deira prosess.

Mål:

Barna skal få erfaring med ulike former og mønster, og få kjennskap til matematiske omgrep som me nyttar i kvardagen.

Kriterier	Arbeidsmåtar
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få leike og eksperimentera med tal, mengd og teljing og få erfaring med ulike måtar å uttrykke dette i kvardagssituasjonar og i arbeid med tema natur, miljø og teknologi.• Barna skal gjennom temaarbeid få erfaring med å løyse matematiske problem og oppleve glede ved matematikk.• Barna skal få utvikle kjennskap og forståing for grunnleggande matematiske omgrep både i kvardagssituasjon og gjennom arbeid med tema natur, miljø og teknologi.• Barna skal få møte ulike matematiske spel	<ul style="list-style-type: none">• Personalet skal vera gode rollemodellar som brukar matematiske begrep i lek, læring- og kvardagssituasjonar.• Personalet skal skapa eit fysisk miljø som inviterar til varierte aktivitetar.• Personalet skal leggja til rette for matematiske erfaringar gjennom arbeid med tema natur, miljø og teknologi.

Gjennom rike erfaringar med fagområdet mengd, rom og form får barna gjennom leik og undersøking arbeida med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, form, mønster, tal, teljing og måling.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpassa det allmennpedagogiske tilbudet etter behova og føresetnaden til barna, også når det enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare og lengre periodar. I dei tilfella der barnehagen ser behov for at eit barn treng ekstra oppfølging eller kan ha nytte av spesialpedagogisk støtte, blir det innhenta samtykkje frå foreldra, og tilbudet barna får skal verta utforma i lag med føresette. Barnehagen nyttar stafettlogg som eit arbeidsreiskap dersom eit barn treng ekstra hjelp og støtte. Ein kan lesa meir om dette på heimesida til Etne kommune: *BLI Z -alle skal bli sett*

Slik er prosessen i slike høve:

- Foreldresamtalar
- Kartlegging og tiltak i barnehagen
- Tiltakslogg og tiltaksplan
- Refleksjon av tiltak, eller eventuell ei tilvising til PPT

For Etne kommune er det utarbeida plan for å kvalitetssikra barnet si allsidige utvikling. Etne kommune si spesialpedagogiske ressursgruppe deltar aktivt inn i barnhagane i kommunen. Kvar barnehage får ved nytt barnehageår tildelt ressursar som ein kan nytta til enkeltbarn, inn i gruppa, og bidra med rettleiing og kompetanseheving til personalet.

Overgang mellom barnehage og skule

Rammeplanen seier at barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggja til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehagen til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Rammeplan s 33.

I Etne kommune sin kvalitetsplan Steg for steg blir det understreka at viktigare enn nokon gong er det å få på plass eit større samarbeid mellom barnehage og skule. Dette handlar om tidleg innsats for alle barn og at ein kan betre kan tilpassa for det enkelt barn som skal starta på skulen.

Barnehagane og skulane i Etne kommune har samarbeid om overgangen frå barnehage til skule. Det er utarbeida ein egen kommunal plan. Sjå vedlegg 2 i årsplanen.

Mål:

- At barnet før skulestart er kjent med skulen det skal byrja på, SFO ved skulen og borna det skal gå i lag med.
- Barnehagelærer og lærar har felles møter med forventningsavklaringar, kompetanseutvikling og felles planlegging.
- Barnehagelærer og lærar har kjennskap til kvarandre sine arbeidsområder
- Føresette kjenner skulen og skulen sitt innhald
- Føresette godkjenner informasjonsoverføring frå barnehage til skule og har høve til aktiv medverknad
- Det er samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule
- Det er heilskap i opplæringsløpet

Samarbeid barnehage – heim

«Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeider og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.» Rammeplan 2017:12

Det er føresette som har hovudansvaret for oppseding og utvikling, og er dei viktigaste i omsorga for barna. Barnehage har det overordna ansvaret for å ta initiativ til og leggje til rette for samarbeid. Barnehagen må gi tydeleg uttrykk for kva ein som opplæringsarena tilbyr og kva ein forventar av heimen. God dialog har både einingane og heimen ansvar for. Kvalitetsplan, Steg for steg 2020: 6

Alle barn som skal byrja i Enge barnehage får invitasjon til besøksdagar, der alle nye som skal starta på same avdeling kan komme for å gjere seg litt kjende. Me ønskjer at dette skal vere starten på ei trygg tilvenning i barnehagen. Når barnet byrjar vil det vere ein eller nokre få som har mest kontakt med barnet og foreldra. I starten vil det vere fokus på å byggje ein god relasjon til barnet og foreldra som er det viktigaste. Ein trygg og god start er viktig for den vidare barnehagetida for barnet. Før oppstart får barnet eit brev frå avdelinga som han /ho skal gå på. Brevet skal innehalda praktisk informasjon. I løpet av tilvenningstida skal foreldra ha ein oppstartsamtale med pedagogisk leiar. Her vert det gjeve informasjon begge vegar og forventningar vert avklara.

Når barnet skal skifte avdeling får barnet gjere seg kjend med personalet og avdelinga før sommarferien. I starten går barnet på besøk med kjende vaksne frå avdelinga han/ho går på frå før.

Det er viktig med ein open og god kommunikasjon med alle foreldre i det daglege. Ikkje alt eignar seg å ta opp ved levering og henting, då vert det tatt ein telefon. Alle foreldre skal ha 2 foreldresamtalar pr. barnehageår og ved behov utover det. Me skal ha 2 foreldremøte pr. år, samt ulike foreldrearrangement i barnehagen.

For å sikre samarbeidet med heimane skal barnehagen ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldreråd

Foreldrerådet består av alle foreldre i barnehagen. Kvar avdeling vel ein representant til foreldrerådsutvalet (FAU). FAU si oppgåve er t.d. å ivareta foreldra si interesser, organisere deltakinga i toget på 17.mai, arrangere sommarfest for foreldre og barn.

Samarbeidsutval (SU)

SU består av valde representantar frå foreldre, personale og politisk oppnemde. Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ som skal ta opp saker som gjeld barnehagen. Utvalet skal også godkjenne årsplanen.

Progresjon

Progresjon handlar om at alle barn skal utvikla seg, læra og oppleva framgong. Alle barn skal få variert høve til leik, aktivitet og læring. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringar, interesser, kunnskap og ferdighetane sine. Barna skal få oppleve mestringsfølelse. Me må bli gode på å dela barna i mindre grupper. Då vil me lettare sjå kvart enkelt barn og kvart enkelt barn vil lettare våga å utfordra seg sjølv. Barna skal få oppleva å ha noko å strekkje seg etter.

Personalet i barnehagen skal leggja til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Innhaldet i barnehagen skal tilpassast det enkelte barn i alt innhald i barnehagen. Gjennom å bygge gode relasjonar til kvar enkelt vil me kunna bidra til at kvar og ein møter aktivitetar som gir ei oppleving av meistring og utvikling.

Halvårsplanen til den enkelte avdeling skal bidra til å sikre progresjon.

Den digitale praksisen til barnehagen

Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Rammeplanen seier at gjennom bruk av digitale medium skal barna få utvikle ei gryande etisk forståing og kunne utøve digital dømmekraft.

Digital kompetanse vil seia å kunna henta og behandla informasjon, vera kreativ og skapande med digitale ressursar, samt å kunne kommunisera og samhandla med andre i digitale omgjevnadar. Dette handlar om å løysa praktiske oppgåver på ein god og ansvarleg måte med digitale ressursar. Kvalitetplanen Steg for steg 2020: 14.

Enge barnehage har det siste barnehageåret starta opp med IPad som eit digitalt hjelpemiddel. Me har lært korleis me kan bruka IPad som eit verktøy til bildebruk, film og boklaging. Tilsette har fått eit reflektert forhold til opphavsrett, kildekritikk og personvern.

Barna er fødd i ei teknologisk verd, og teknologien er heilt naturleg for dei. Teknologien tillèt at ein utforma nye oppgåver som tidlegare ikkje var moglege. Barna skal gjennom læring av IKT vera betre i stand til å møte framtida. Barna må utvikla kunnskap, dugleik og haldningar for å meistra liva sine og framtidig arbeid og fellesskap i samfunnet. Eit godt samarbeid heim-eining er viktig for å få barna til og forstå kva utfordringar dei er omgitt av når dei tar i bruk teknologi. Kvalitetsplan Steg for steg 2020: 14.

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Planlegging

Enge barnehage har disse rutinane for planleggingsarbeidet sitt:

Heile personalet arbeider med årsplanen som er resultat av vurderinga av årsplanen frå i fjor. I årsplanen vert dei store linjene trekt opp, desse er grunnlag for månadsplanar som kvar avdeling lagar. Månadsplanen vert laga ut frå vurdering av føregående periode, observasjon av einskildbarn, barnegruppa og barna sine uttrykk gjennom medverknad. Dette året har barnehagen tema: natur, miljø og teknologi som satsingsområde.

Dokumentasjon

Rammeplanen seier at kunnskap om arbeidet til personalet og barna si verksemd i barnehagen, er viktig som grunnlag for utviklinga til barnehagen. Målgruppa for dokumentasjonen vår er ulik og difor kreves det ulike måtar å gjere det på.

- Samfunnet

Me ynskjer at lokalsamfunnet rundt oss skal vite kva som skjer i Enge barnehage. For at folk flest skal kunne ha eit innblikk i kva Enge barnehage er, vil me:

- Legga ut stoff på barnehagen og Etne kommune si heimeside
- Invitere Grannar på besøk når me ynskjer at dei skal skrive om oss

- Foreldre og barn

Foreldra skal vite kva som skjer i barnehagen og med barna deira. Vidare er det viktig at barna får dokumentert noko av kvardagen sin for seinare tid. Tida i barnehagen er ein del av kvart einskild barn si historie.

- Rapport på føregående måned på månadsbrevet
- Dagleg kontakt i bringe- og hentesituasjonen der foreldra får munnleg informasjon om barnet sitt.
 - Det vil jamleg bli lagt ut bilder i dagboka i Visma appen.

- Pedagogisk dokumentasjon

"Pedagogisk dokumentasjon tar utgangspunkt i dokumentasjonar frå kvardagen i barnehagen og opnar for kritiske og reflekterande praksisar" (Pedagogisk dokumentasjon, 2010, s. 11)

For at det skal være pedagogisk dokumentasjon må personalet i barnehagen reflektere rundt dokumentasjonen. Pedagogisk dokumentasjon er dokumentasjon som blir løfta fram og brukt i dialog og refleksjon omkring barna sine læringsprosessar. Dette kan skje både blant personalet og personalet saman med barna. For at det skal være pedagogisk dokumentasjon må personalet i barnehagen reflektere rundt dokumentasjonen og målet er at det skal føra til utvikling av det pedagogiske arbeidet. God dokumentasjon gir grunnlag for god

erfaringsdeling mellom personalet i barnehagen. Den pedagogiske dokumentasjonen skal hjelpe oss å komme vidare med det me arbeider med.

Det er mange måtar å få dokumentasjon fram på. Me vil nytta oss av praksisfortellingar, bilete av barna sin leik og kunst som barna har laga. Det viktige er korleis ein klarer å ta det i bruk, og inn i ein vidare refleksjon. Teori og praksis utfyller kvarandre når ein jobbar med pedagogisk dokumentasjon.

Pedagogisk dokumentasjon gir oss mulighet til å vurdere vår egen kvalitet. *"det kan bli et slags speil på praksisen"* (Hundre måter å tenke på, 2008)

Vurdering

Vurdering høyrer nøye saman med planlegging og dokumentasjon og arbeidet vert difor vurdert når nye planar vert lagt. Kvar avdeling evaluerer arbeidet skriftleg 2 gonger pr. halvår.

Foreldra er med på vurderingsarbeidet på foreldremøte om våren og på foreldresamtalane. Dei skal spesielt vurdere satsingsområdet.

Trafikksikkerheit Enge barnehage.

Barna lærer trafikkreglane for fotgjengarar

Enge barnehage ligg i sentrum av Etne. Når avdelingane går på tur må dei gå på veg for å komme til turplassane sine.

Ved å gå/vere i trafikken får dei opplæring frå dei er små. Trafikksikkerheit og trafikkreglane skal alltid vere i fokus. Dei vaksne skal vere gode rollemodellar. Dei vaksne må også setje ord på kvifor dei oppfører seg slik dei gjere i trafikken.

- Der det er fortau eller gang- og sykkelsti går me der.
- Når me går over vegen skal me gjere det der det er gangfelt.
- Når me går over vegen uansett om det er gangfelt eller ikkje, skal me sjå til høgre og venstre og vente til det ikkje er bilar eller bilane stoppar før me går over.
- Me nevner kva side av vegen me går på når det ikkje er fortau eller gang- og sykkelsti.

Borna blir opplært til å bruke alle sansane i trafikken.

Når me går på tur skal alle ha refleksevest på seg. Ein skal ha med telefon med nummer til alle føresette og førstehjelpsutstyr.

Når me går på tur til skateparken med barnehagen sine syklar, skal borna ha sykkelhjelm på seg.

Trafikkopplæring er ein del av S-klubben (dei som skal starte på skulen) sitt opplegg.

Samarbeid mellom barnehage og heim

Foreldra, tilsette og andre skal rigge seg inn når dei parkerer bilen på parkeringsplassen i barnehagen, slik at det er meir oversiktleg når dei køyrer frå barnehagen. Bilen skal stoppast når ein går frå bilen på parkeringsplassen.

Porten skal alltid lukkast skikkeleg igjen. Ein av portane har lenke i tillegg til vanleg lås, lenka skal alltid vere på.

Borna skal ikkje klatre over porten eller prøve å lukke opp sjølve, det skal alltid foreldra, personalet eller andre vaksne som er saman med dei gjere. Dersom dei får gjere det saman med vaksne, er det lettare å komme å gjere det når dei er utan vaksne.

Parkeringsplassen nærast barnehagen er ikkje så stor. Den er difor for foreldre og andre som leverer og hentar borna sine. Tilsette som har barn som går i barnehagen kan også nytte denne parkeringsplassen. Resten av personalet skal parkere ved kyrkja eller ved Røde Kors huset.

Informasjon om trafikktryggleik og trafikkopplæring er eit punkt på foreldremøte om hausten.

Bruk av transportmiddel.

Barnehagen nyttar jamleg Etne kommune sin minibuss. Me har fast sjåfør.

Me har seter med ryggstø som er tilpassa kvart barn. Dersom borna byter på plassane har ein av dei vaksne som er med på tur ansvar for å tilpasse det til barnet. Det er alltid kjende vaksne som hjelper borna når dei skal sikrast, nye vikarar skal ikkje gjere det.

Ved busstur gjeld desse reglane:

- Når dei går til bussen står borna på rekke med ein vaksne i front og ein bakerst.
- Borna står i kø utanfor bussen og blir sleppt inn i bussen ein og ein.
- Inne i bussen har ein av dei vaksne ansvar for å sikre barnet; sjå at sete er rett innstilt og ta på selen.
- Når alle borna er på plass og sikra, tar ein av dei vaksne ein siste sjekk og ser at alle er rett sikra før dei køyrer.
- I bussen skal ein sitje fint, snakke med sidemannen, ikkje rope/snakke høgt for å få kontakt med andre barn eller vaksne.
- Selen skal vere på til motoren er slått av bussen.
- Dei vaksne bestemmer rekkefølge på korleis dei går ut av bussen.
- Når dei går ut av bussen går dei rett bak og hentar sekken sin i bagasjerommet.
- Alle står ved sida av bussen til alle er klar med sekkane sine og dei vaksne er klare til å gå. Går på rekke med ein vaksne i front og ein bak, til dei er vekke frå trafikken.

Ved dårleg føre skal det alltid drøftast om turen skal gjennomførast. Med på drøftinga er sjåføren og styrar eller assisterande styrar. Me har ein sær samsvitsfull sjåfør som er bevisst sitt ansvar og som ikkje tar unødige sjansar.

Bussen er til EU-kontroll og service slik lova seier. Terskelen for å ta kontakt med bilverkstad dersom noko er annleis, er låg.

Bruk av personbilar er berre i spesielle tilfelle.

Godkjent av SU:

Dato:

Caitlin Flatt Evenhus

19. aug 2024

Vedlegg 1: Overgang barnehage/skule.